


*Yngvild*



Helse Førde HF  
Administrasjon

Besøksadresse:  
Vievegen 28  
6807 FØRDE

Postadresse:  
6807 Førde

Telefon:  
57839000  
Telefaks:  
57839015  
post@helse-forde.no  
Org.nr: 983974732MVA

Helse Vest RHF  
Postboks 303, Forus  
4066 STAVANGER

Dykkar ref: 2007/381-  
2483/2007

Vår ref: 2006/899

Saksbeh.: Jon Bolstad, tlf: 57839020

FØRDE,  
14.06.2007

## Sommarstenging av forsterka fødestove ved Lærdal sjukehus

Syner til Dykkar brev av 13.6. vedk. spørsmål om bakgrunn for sommarstenginga, og statsråd Brustad sitt brev av 11.6 om sommarstengingar av fødeavdelingar.

Helse Førde HF er samd i at det i størst mogeleg grad skal være kontinuitet i tilbodet for dei som skal føde og at stengingsperiodar bør være kortast mogeleg, og at vurderingstema skal være faglege trygge og gode tenester framfor økonomi åleine.

Generelt er situasjonen ved forsterka fødestove i Lærdal lite fødslar (73 fødslar totalt i 2006) og dei faglege utfordringane som følger av dette. Stengingsperiodar er nytta til, og tenkt nytta til, hospitering og fagutvikling for personalet i tillegg til rein ferieavvikling, slik som no.

Det ligg ein heilskapleg vurdering bak tiltaket om stenging som også gjev eit kvalitativt svært godt tilbod til dei som er i gruppa av lågrisikofødande.

Med lite tal pasientar meinar Helse Førde at omsynet til rett og god informasjon til fødande vert godt ivareteke.

### Oppsummering

Helse Førde HF har i dag ikkje tilgang på faglege ressursar til å gjere om denne stengingsperioden. Utover dette vil ein vidare følgje nøyne opp dei presiseringar som kjem fram av statsrådens brev.


Vedlagt er ein oppsummering av bakgrunnen for denne sommarstenginga, som i starten var balansekravet. Tiltaket har vore planlagt og kjent i lang tid.

Med beste helsing

Clara Øberg  
styreleiar

Jon Bolstad  
adm. direktør

Vedlegg



## Vedlegg:

### Vedr. sommarstenging ved Fødestova Lærdal 2007

#### Bakgrunn

Styret i Helse Førde har gjennom fleire styremøter diskutert stenging og samanslåing av avdelingar, sengepostar med vidare. Desse diskusjonane har også inkludert stenging av fødestove/fødeavdeling.

Hovudbakgrunnen for desse diskusjonane har vore økonomisk motivert. Samstundes har det vore presisert at eventuelle stengingar skal gjerast innanfor fagleg forsvarleg verksemد.

Administrasjonen har også hatt fleire ordinære drifts- og rapporteringsmøter med leiinga i Helse Vest der desse spørsmåla har vore drøfta.


Ved all stenging har det vore eit gjennomgåande prinsipp at det skal vere alternative fødetilbod som er fullt ut fagleg forsvarlege. Det er også lagt vekt på å gje god informasjon til dei gravide kvinnene og kommunane.

Stenging var også eit aktuelt tema i 2006. Grunnen til at det ikkje vart gjennomført var at arbeidsplanar var lagt, ferie var bestemt og det var ikkje mogeleg å gjennomføre fellesferie utan å måtte endre på vaktplanane for dei tilsette ved Fødestova. Ut frå lov og avtaleverk i arbeidslivet var det for kort tid frå førespurnaden kom til ferien skulle ta til. Arbeidsplanar, inkludert ferieavvikling, var godkjende av tillitsvalde.

I staden vart det bestemt at Fødestova skulle stenge 14 dagar om hausten og 14 dagar ved jul/nyttår. Det vart gjennomført til saman 4 veker stenging av Fødestova Lærdal i 2006.

Hausten 2006 vart det gjennomført eit større arbeid i Helse Førde med utgangspunkt å følgje opp budsjettkrav om reduserte kostnader. Det var møter i klinikkråd kirurgisk klinikk, leiarstilling, møter med tillitsvalde og verneteneste og til slutt drøftingsmøte med tillitsvalde.

I framlegget til Budsjett 2007 frå kirurgisk klinikk blir det sagt når det gjeld innsparing i punkt 2: (sitat...)



2 Utvida feriestenging av sengepostar/seksjonar

- Stenging av sengepostar FSS held fram som før
- Utvide stenging med 2 veker for Fødestova i Lærdal. Det betyr at Fødestova stenger 4 veker til sommaren og 2 veker ved jul/nyttår 07. (drøfta med tillitsvalde 22.11 – einige om tiltaket)
- Andre organisatoriske endringar av seksjonar/sengepostar i feriar og høgtider etter ferdig ortopediplan
- Innsparing 0,2 mill kr.
- Heilårsverknad

Dette tiltaket handlar om utvida stenging med 2 veker i forhold til dei 4 vekene fødestova var stengt i 2006. Jordnædre ved fødestova har føljeteneste for fødande frå Årdal og Lærdal. Helse Førde må derfor utvide avtalen med desse kommunane med 2 veker i forhold til 2006 der kommunane betalar for føljetenesta den tida fødestova er stengd.

Gruppa fødande gjeld friske gravide. Dei som på ein eller annan måte har risiko knytt til fødsel, skal uansett føde ved FSS. Tiltaket vil ha minimal følge for transportenesta. Med den erfaring vi har frå stengingsperiodane i 2006, ser vi heller ikke at det skal bli særlege protestar på dette tiltaket. Avdelinga og tillitsvalde/verneteneste er einig i tiltaket.

Kirurgisk klinikk sitt budsjettframlegg låg som prenta vedlegg til sak 06/07 Budsjett 2007 Helse Førde.


I budsjettsak 06/07 Budsjett 2007 for Helse Førde vedteke i styremøtet 12.01.2007 vart m.a. følgjande tiltak vedteke:

11 | Utvida feriestenging sengepostar/seksjonar

-200 | Gjeld kirurgisk klinikk

Framlegget til innsparing frå kirurgisk klinikk vart såleis samrøystes vedteke av styret i Helse Førde i budsjettsak 06/07.

Det er leiinga si oppgåve å sjå til at styrevedtak vert sett i verk. Vedtaket har såleis vore grunnlag for dei planar og tiltak som har vore gjort i ettermiddag. Klinikkdirktør og leiing ved Kvinneklinikken har hatt møte med leiing, tillitsvalde og verneteneste for Fødestova i Lærdal. Det vart gjennomført drøftingsmøte om stengingsperiodar med tillitsvalde. Det ligg føre samrøystes vedtak om at ein stenger Fødestova 4 veker sommaren 2007 + 2 veker i samband med jul/nyttår.



## Beredskap for keisarsnitt og ortopediplan – viktig for heilskapen i denne utgreiinga.

Styret i Helse Førde har også vedteke ny ortopediplan i møte 27.04.2007. I denne planen er det slått fast at anestesi- og operasjonssjukepleievakt i Lærdal vert oppretthalde døgnkontinuerleg på grunn av keisarsnittberedskap. For den ortopediske tenesta ved Lærdal sjukehus skal operasjonsavsnittet vere i drift kl. 08.00 – 18.00. Det skal vere kontinuerleg vakt av anestesilege for å sikre nødvendig akuttberedskap og som ein viktig del av framtidig akuttmedisinsk team. Det skal vere kontinuerleg ortopedisk akuttberedskap ved Lærdal sjukehus.

I og med at det er planlagt feriestenging av Fødestova i 4 veker i sommar og ein såleis ikkje treng beredskap for keisarsnitt, er det planlagt ei opningstid ved operasjonsavsnittet i tida 08.00 – 18.00 desse vekene. Dette er i tråd med ortopediplanen.


Det er ledig fleire stillingar for anestesi- og operasjonssjukepleiarar i Lærdal sjukehus. Med ei feriestenging av Fødestova klarer såleis anestesi- og operasjonsavsnittet også å avvikle ferie. Det er ikkje mogeleg å endre planar no når ferien startar førstkommande måndag.

## No-situasjonen

Brevet frå Helsedepartementet om å ikkje stenge fødeavdelingar på grunn av økonomi åleine var Helse Førde i hende 13.06.2007. Førstkommande måndag, 18.06.2007 startar ferieavviklinga. Arbeidsplanar, der sommarferieavvikling inngår, har vore ferdig og kjende for dei tilsette sidan før 1. mai. Lover, reglar og tidsfristar kring planlegging av arbeidstid er klåre og er følgde av Helse Førde. Det betyr at endring av arbeidsplanar no er uråd. Helse Førde er i same situasjon no som i juni 2006 men med motsatt forteikn. Medan ein i fjar hadde drøftingar om å stenge Fødestova i 4 veker får vi i år ei oppmading om å halde ope trass tidlegare vedtak om å stenge.

Situasjonen no er slik:

- Det er ikkje mogeleg å endre ferieplanar for den enkelte tilsette i det ferieavviklinga tek til. Resultatet vil vere at vi må leige inn heilt ukjende jordmødrer og lege som kan arbeide ved Fødestova i 4 veker i sommar.
- Lærdal sjukehus har ei såkalla modifisert fødestove, dvs. at det heile tida er gynekolog i vakt for mogeleg keisarsnitt. Seleksjonskriteria og drift av fødestover krev spesiell kunnskap og opplæring for å kunne utføre ein trygg og sikker jobb for den enkelte



fødande og hennar familie. Det ville vere fagleg uforsvarleg å ta inn fagfolk som ikkje er vane med å arbeide i ein fødestovemodell samtidig som dei kjende jordmødrrene og legane har ferie. Avdelingssjef for Kvinneklinikken kan ikkje ta medisinsk ansvar for ein eventuell slik situasjon.

- Situasjonen med rekruttering av vikarar i 2007 har vore særdeles vanskeleg. Vikarbyråa kan ikkje skaffe spesialsjukepleiarar. Dette er ein situasjon mange sjukehus har denne sommaren. Rekruttering av vikarar for sommarferien starta for Helse Førde i januar og endå manglar ein fleire vikarar for sommaren. Å starte ei slik rekruttering til Lærdal sjukehus no når ein er i ferd med å starte ferien vil ikkje vere mogeleg og vi kan ikkje vente respons i eit omfang som ein treng for å ha tilstrekkeleg personell i turnus. Dermed er situasjonen i dag at det ikkje er mogeleg å skaffe fagfolk for å halde Fødestova open sommaren 2007.

Når det gjeld vedtak om stenging av Fødestova i samband med jul/nyttår vil Helse Førde vurdere dette på nytt.